

From: Thomas Bjørkeland <Thomas.Bjorkeland@sjofartsmuseum.no>
Sent: 27. april 2018 11:29
To: NVE
Cc: Jostein Aksdal
Subject: RE: NVE sender rapport om forprosjekt flomluke Sandvinvatn på høring, Odda kommune. NVEs referanse: 201606897-120

Vedr. NVE sender rapport om forprosjekt flomluke Sandvinvatn på høring, Odda kommune. NVEs referanse: 201606897-120. Forholdet til marine kulturminne.

Me viser til brev dagsett 10.04.2018.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved tiltaksområdet for flomluke i forbindelse med kraftverk i Opo/Sandvinvatnet i Odda kommune som kan bli direkte råka av dei omsøkte tiltaka.

Museet har derfor ingen merknader til arealinngrepa.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Med venleg helsing

For Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum

Thomas Bjørkeland
Marinarkeolog
55549611
E-postadresse: marinarkeologi@bsj.uib.no